



Ivar Kåre Døssland gav geiteflokken ein liten forsmak på jula laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også i år blir nok Ivar Kåre Døssland på Døssland nedre den einaste som sel juletre i Uskedalen frå eigen plantasje. Men enno er det 16 dagar att til jul og Ivar Kåre startar ikkje salet før neste helg. Riktignok har han henta inn nokre juletre allereie denne helga, men det er mest for å gje geitene ein liten formsak på jula!

Ivar Kåre vil også dette året gje potensielle kjøparar valet mellom å kjøpe trea på gardsplassen eller dra til skogs i Silkebærhaugen og hogga det sjølve. Juletreplantasjen - som er av vanleg norsk gran - ligg berre 300-400 meter opp for fylkesvegen i ei kraftline og han planta han for 10-12 år sidan.

Han planta ikkje med tanke på noko storsal av tre og har framleis ingen spesielle ambisjonar som juletreprodusent . Plantinga skjedde mest fordi det aktuelle arealet ikkje kunne nyttast til noko anna.

Ivar Kåre tenkjer slett ikkje å ta fri frå kommunejobben dette året heller for å vera til stades i plantasjen når folk kjem for å sikra seg eit tre. Det er berre å ringja, så gjev skogeigaren instruksjonar om kvar trea er å finna. Og han er slett ikkje engsteleg for at heile eller delar av plantasjen skal gå tapt på den måten. Ivar Kåre er med andre ord ikkje skremt av urovekkjande oppslag i media om omfattande tjuveri av juletre. Han har full tillit til uskedelingane i så måte.

Dette er fjerde året Ivar Kåre sel juletre. Første året selde han berre 10-15, men etterkvart har salet teke seg opp og fjoråret var eit svært godt år. Og kanskje blir salet enda større i år? I hvert fall er det framleis nok tre å ta av i plantasjen.

- Det er nok tilstrekkeleg for eitpar år til, men så er det også slutt., seier Ivar Kåre, som ikkje har planta siden han gjorde det for 10-12 år sidan.

Av Ola Matti Mathisen